



Referat Hardanger kulturråd, 03.12.2021. Digitalt kl 0900-1100

Tilstades:

- Lisbeth Bygstad Celik, Eidfjord kommune
- Mary Ann Sørheim, Kvam herad
- Else Marie Sandal, Ullensvang kommune
- Anne Marit Lekve, Ulvik herad

Administrasjon:

- Jostein Eitrheim og Trude Rinaldo

Sakliste:

1. Saker innmeldt ved starten av møtet – Vert drøfta under sak 4 ymse.

Ingen saker innmeldt, men møtet starta med ein runde om Dagsturhyttene og erfaringar. Kommunane er ulikt komne. Arbeidet har vore meir omfattane enn førestilt, både med plassering, bygging og tilrettelegging. Men når no hyttene etter kvart står klare for publikum, så blir det veldig kjekt å ta dei i bruk.

2. Regionalt kulturfond Hardanger. Tildeling av utlyste midlar.

Vedtak:

Alle søknadane er godkjent og får tilsagn på søknadssum. Administrasjonen sender tilsagn ut til mottakar.

3. Kva skjer i Kultursektoren i Hardangerkommunane

Kulturtildskot i Hardanger og kommunane. Det er vel ingen kommunar som har indeksregulert desse midlane, og det gjer at kulturen stadig får mindre.

Kva med kulturnæring, skal det gå på kultur eller næring. Kvar skal dette skilje gå? Kommunane gjer dette på ulikt vis.

Hardanger kulturråd bør få denne summen regulert opp. Det vert laga saka til neste Hardangerrådsmöte om det. Kulturen har lidd mykje under pandmien, og dette vil i tillegg vera eit signal og oppmoding om å setja igang ny aktivitet i regionen.

Litt frå kommunane om kultur og næring:

- a. I Ullensvang har dei tilskot til kultur, men langt mindre enn til idrett. Dei har ulike tilskot, også lågterskel midlar til enklare arrangement.
- b. I Eidfjord er kultur og idrett i samme pott, mange med faste tilskot, i tillegg kulturfondmidlane, som for nokre år sidan vart halvert. No
- c. Kvam har ikkje eit kulturfond, men midlar vert sett av i budgettet kvart år. Dette har vore ganske stabilt, og dei "må" ligga der. Søkbare midlar er delt inn i ulike postar, og litt frie midlar til ulike arrangement. Det har vore tale om nedskjeringar, men det er ikkje realisert. Men midlane er heller i kkje auka eller indeksregulert.
- d. Kva med Hardang Puls? Skal dei gå frå kulturbudsjett eller næringsbudsjett. I Kvam går det frå næring, og i Ullensvang går det frå kulturbudsjett.

e. I Ulvik vert Harding Puls og andre lignande dekka av næringsfond. Så også Haugesenter og Poesifestivlen, fordi det finnst ikkje driftsmidlar i kulturen. I Ulvik gjer dei også tilskot til Skianlegg, men det går over driftstilskot. Så det ser gjerne ut som det er mindre midlar som går til kultur enn det gjer. Frie kulturmiddlar er også dekka via næringsfond, men fleire faste i frie.

Kulturen slit fordi kulturbasert næring vert liggjande imellom, det er eit skilje ein vil bryta ned. Samstundes er det viktig at kunsten er fri og ikkje styrt av marknadskrefter.

KulturKraft i Hardanger- skal me prøva å få dette nettverket igang?

Handlar om entreprenørskap og korleis skape kultur som næring i Hardanger. Forprosjektet vart avslutta med søknad om midlar, som dei ikkje fekk. Målet var ei prosjektstilling for å arbeida fram denne næringa.

Diskusjon:

Tanken bak og ambisjonane er veldig gode og det ligg i tida. F. eks så vil Vestland fylke vera ledande på kultur og på nettverk- og klyngetankegang.

Utfordring i akkurat dette nettverket/prosjektet er store ulike oppgåver og organisering, men absolutt noko å jobba med.

Me har nok mykje å henta av å samarbeida på dette feltet også. Dette kan vera tema og grunnlag for diskusjon på Hardingtinget.

Det er viktig at eit slikt prosjekt vert sett på som næring. Korleis får me det til?

Det har vore ei utvikling her. Kommunane opplever ikkje ein markant forskjell, og meiner at kultur og næring kjem tettare på kvarandre. Men det å knyta dette saman i ei klynge kan vera veldig bra. Klokt og rett tidspunkt å spela inn ei slik klyngesatsing.

Viktig at resultatet er viktigast, og ikkje prosjektet. Usikker på om kommunane skal involvera ser i nye felles prosjekt. Skal ein ha ei slik klynge må det løftast opp og ut, og gjerne ha med seg VLFK på laget.

Kunne Hardanger kulturråd vera drivar her, og bruka sine regionale midlar inn i ei slik klynge? VLFK er med på laget, når det både er forankring og medfinasert lokalt. Det er også viktig at det ikkje berre er basert på offentlege midlar.

Konklusjon:

Fyst arbeida med å få regulert sum for regionale kulturmiddlar, og la "Kulturkraft" ligga litt til, for å finna ein god måte å rigga det på med omsyn til kommunane, berekraft og varigheit.,

Referat Trude L. Rinaldo

